

Eksamen

11.05.2009

NOR0215 Norsk sidemål



Du skal velje ei av desse oppgåvene.

Oppgåve 1:

Skriv ein skjønnlitterær tekst der du skildrar noko du misliker sterkt. Dette kan vere deltaking i eit familieselskap, eit besøk på rektors kontor, ein tannlegetime, ein eksamen eller liknande. Få fram humoren i situasjonen.

Vel tittel sjølv.

Oppgåve 2

Skriv ei framtidsforteljing eller ein dramatekst som skal innehalde desse elementa:

- *Latter på resept*
- *Spesifikt tidspunkt*
- *Ei oppfinning som kan tenkjast å bli produsert ein gong i framtida*

Vel tittel sjølv.

Oppgåve 3:

Berre tanken på latter forlengjer livet.

Skriv ei forteljing eller ei novelle der hovudpersonen bruker humor eller latter for å takle eit problem.

Vel tittel sjølv.

Oppgåve 4:

Somme gonger hender det at latteren kjem på heilt feil tidspunkt. Han kan presse seg fram i situasjonar der det ikkje passar seg å le, eller han kan komme som ein reaksjon på ei tragisk hending i staden for gråt.

Skriv ei novelle der du skildrar eit upassande latterutbrott.

Vel tittel sjølv.

Oppgave 5:

Sett frå ein annan vinkel kan kvardagen din verke temmeleg merkeleg. Sjå for deg at anten kjæledyret ditt, ein avdød slektning, eit utanomjordisk vesen, spegelen din, mobiltelefonen din eller noko anna er forteljaren i teksten din.

Skriv ein skjønnlitterær tekst med dette som utgangspunkt.

Vel tittel sjølv.

Oppgave 6:

Ein spøk kan føre til noko du slett ikkje hadde tenkt deg.

Skriv ei forteljing eller ei novelle der ein spøk får uventa konsekvensar. Du skal starte midt i handlinga (in medias res).

Tittel: Skulle berre vere morosam.

Bokmål

Tema: " Skulle bare være morsom"

Skjønnlitterær tekst

Du skal velge en av disse oppgavene.

Oppgave 1:

Skriv en skjønnlitterær tekst hvor du skildrer noe du misliker sterkt. Dette kan være deltakelse i et familieselskap, et besøk på rektors kontor, en tannlegetime, en eksamen eller lignende. Få fram humoren i situasjonen.

Velg tittel selv.

Oppgave 2:

Skriv en framtidsfortelling eller dramatekst som skal inneholde disse elementene:

- *Latter på resept*
- *Spesifikk tidsangivelse*
- *En oppfinnelse som kan tenkes å bli produsert en gang i framtida*

Velg tittel selv.

Oppgave 3:

Bare tanken på latter forlenger livet.

Skriv en fortelling eller en novelle der hovedpersonen bruker humor eller latter for å takle et problem.

Velg tittel selv.

Oppgave 4:

Noen ganger hender det at latteren kommer på helt feil tidspunkt. Den kan presse seg fram i situasjoner der det ikke passer seg å le, eller den kan komme som en reaksjon på en tragisk hendelse i stedet for gråt.

Skriv en novelle hvor du skildrer et upassende latterutbrudd.

Velg tittel selv.

Oppgave 5:

Sett fra en annen vinkel kan din hverdag virke temmelig merkelig. Se for deg at enten kjæledyret ditt, en avdød slektning, et utenomjordisk vesen, speilet ditt, mobiltelefonen din eller noe annet er fortelleren i din tekst.

Skriv en skjønnlitterær tekst med dette som utgangspunkt.

Velg tittel selv.

Oppgave 6:

En spøk kan føre til noe du slett ikke hadde tenkt deg.

Skriv en fortelling eller en novelle der en spøk får uventede konsekvenser. Du skal starte midt i handlingen (in medias res).

Tittel: Skulle bare være morsom.

Denne siden skal være blank.

Denne siden skal være blank.

Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no